

Justisdepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 Oslo

17.01.12

**Høyring – behandling av sivile krav etter terrorhandlingane 22.juli 2011. Forslag til enkelte endringar i voldsoffererstatningslova og straffeprosesslova.**

Stine Sofies Stiftelse er ein prosjektorganisasjon med følgjande hovudmålsetting;

- FØREBYGGJE vald og overgrep mot barn
- AVDEKKE vald og overgrep mot barn
- IVARETA det valdsutsatte barnet
- PÅVERKE myndigheita til å betre barns rettsvern

Det kan innleiingsvis presiserast at Stine Sofies Stiftelse imøtekjem alle endringar som kan styrke rettstilstanden og ivaretakinga av barn, pårørande og etterlatne generelt.

***Særlege reglar om munnleg behandling i voldsoffererstatningslova og i forskrift***

Departementet foreslår tilgang til munnleg behandling av krava om voldsoffererstatning for å kompensere for manglande munnleg behandling av dei sivile krava under rettssaka.

Stine Sofies Stiftelse er samd i departementet sitt syn på at somme fornærma og pårørande kan ha behov for å munnleg fortelje om sin situasjon. Stiftelsen har forståing for forslaget til at det vert føreteke ein utveljing av saker som kan tene som presedenssaker for voldsofferstyresmaktene ved utmåling av oppreisingserstatning. Vi vil likevel understreke viktigheita av at det vert føretatt ei forsvarleg individuell vurdering av søknadane da dei skadelidne kan ha opplevd ulike traume og skader grunna den skadevoldande handlinga.

Det sentrale er om forvaltningsloven § 11 d første ledd gir ei god nok ivaretaking av behovet for munnleg behandling av søknader etter 22.juli. Føresegna seier at dersom omsynet til ei forsvarleg behandling tilseier det, har parten med sakleg grunn til det krav på ein munnleg samtale med saksbehandlar. Sakleg grunn har ein i følge Forvaltningskomiteens innstilling s.201-203 når ein søker ”myndighetene om veiledning angående en sak eller når han kommer for sjølv å gi opplysninger.” Det kan innebære at mange av dei skadelidne etter 22.juli vil ha sakleg grunn til å be om ein samtale med saksbehandlar. Det er likevel tilgang for styresmakta å gi anvisning på skriftleg behandling der dette passar best. Det er i så måte ein heimel for styresmakta til å avskjære munnleg samtale dersom dette ikkje er forsvarleg i forhold til tidspunkt og lengda på konsultasjonane.

Ut frå denne forståinga av § 11 d kan det tyde på at føresegna er tilstrekkeleg vid til å ivareta behovet for munnleg behandling.

Stine Sofies Stiftelse ser likevel at det kan vere ryddigare å ha ein eigen heimel for dette i voldsoffererstatningslova. I tillegg stiller vi oss positive til at ein i forskrift omtalar framgangsmåte og om mogleg avgrensar kven som skal ha rett på munnleg saksbehandling. Dette vil kunne lette arbeidet til saksbehandlar då mange fornærma og etterlatne kan komme til å kontakte saksbehandlar for å få ein munnleg samtale. Ved å avgrense dette så godt som mogleg i forskrift vil ein kunne hindre altfor stor pågang, og gjere det lettare for voldsoffer å forstå kva ein har krav på.

Stiftelsen har inga innvending imot om Departementet kjem til at det er behov for særlege reglar i voldsoffererstatningslova og i forskrift.

### **Oppreisning**

Det er klart at utmåling av erstatning må skje i henhold til gjeldande rett, og det vert opplyst om at for etterlatne ligg beløpet på kr 200 000, medan det for drapsforsøk er inga etablert norm i rettspraksis. Stine Sofies Stiftelse har sett at ein i dei siste rettsavgjerslene har lagt seg på om lag kr 150 000. Alder på skadelidne vil vere eit viktig moment i vurderinga, og i samband med 22.juli er det mange mindreårige som er blitt råka. Det er også klart at hendingane på Utøya var så grusomme og brutale at mange har både fysiske og psykiske skadar, og at dette vil måtte spele inn på oppreisningssummen.

Stiftelsen ber om at ein også i samband med utmålinga hugsar at drapsforsøk vil vere eit stort traume uansett kva måte det har skjedd på. Vi er kjent med fleire saker kor personar har levd med frykt for livet sitt etter vold i nære relasjonar over mange år. Ei slik påkjenning vil medføre store traumar for vedkomande, og når ein no truleg vil etablere ein praksis på utmåling av oppreisning for drapsforsøk ber vi om at ein også tar omsyn til andre sakstypar når ein legg seg på eit gitt nivå. Det er kjent frå forskingslitteratur på traumeområdet at menneske som utsetjast for gjentekne belastningar over tid (til dømes fysisk/psykisk vald eller overgrep) har ein langt større risiko for å utvikle psykiske lidningar, som til dømes PTSD enn kva som er tilfelle for dei som utsetjast for ei enkelt valdshandling – sjølv når valdshandlinga er av ein svært alvorleg karakter.

Stine Sofies Stiftelse er positive til at nivået på oppreisningsbeløpet blir heva, og at ein i stadig større grad anerkjenner dei traume og påkjenningar offer for kriminalitet opplev.

Departementet meiner at ein ved utmåling av oppreisning etter terrorhandlingane må leggje til grunn at strafferamma for terrorhandlingar i straffeloven 2005 er heva til 30 år, sjølv om denne ikkje er trådd i kraft. Stiftelsen er usikre på om det er adgang til å leggje til grunn ei auka strafferamme i ei lov som ikkje er trådt i kraft, men ein er uansett positive til at dei skadelidne skal få så mykje oppreisning som mogleg for det traume dei har opplevd.

Det blir også frå departementet si side understreka betydinga av at oppreisninga ikkje vert satt lågare enn det ein må anta at ville blitt resultatet etter umiddelbar bevisføring under hovudforhandlinga. Stiftelsen er samd i dette, også at beløpet ikkje må setjast så mykje høgare enn det som ville blitt under hovudforhandling da utgangspunktet er at slike krav skal takast med i rettssaka. Det skal derfor ikkje vere ein fordel at kravet ikkje vert tatt med under



hovudforhandlinga, og målsettinga må vere at kravet vert behandla så likt som mogleg uavhengig av om kravet er tatt med i straffesaka eller ikkje.

Departementet ber vidare om høringsinstansane sitt syn på behovet for og utforminga av forslaget til ny § 17 a.

Den alminnelege regelen er at domstolane si oppgåve er å prøve lovlegheita av forvaltninga sitt vedtak og ikkje sjølv treffe realitetsavgjerd, dette både i forhold til forvaltninga sitt diskresjonære skjønn og for dei lovbundne avgjerslene. Spørsmålet er om ein her bør gje heimel for at domstolane skal kunne avsei realitetsavgjerd i oppreisningsspørsmål.

Departementet meiner det er naudsynt at domstolane har tilstrekkeleg adgang til å overprøve alle sider av voldsoffererstatningsstyresmakta sitt vedtak i forhold til oppreisningsspørsmålet slik at nivået også gjenspeglar nivået i rettspraksis og i så måte sikre den utviklinga som domstolane primært står for. Det framgår av foreslått lovtekst at denne overprøvingmoglegheita skal vere snever, då det stillast vilkår om at krava ikkje er behandla i straffesak, klageadgangen til klagenemnda er benytta og det berre er for oppreisningskravet at domstolane kan avseie realitetsdom.

Det er i høringsforslaget også kome med innvendingar mot dette forslaget. Stiftelsen er for tiltak som kan gjere prosessen enklare for fornærma og pårørande. I dette tilfellet vil adgangen til realitetsavgjerd vere snever, og som hovudregel vil eit krav om oppreisning vere behandla i straffesaka. Stiftelsen meiner det vil vere unødvendig tungvint at kravet skal sendast tilbake til forvaltninga for ny vurdering etter å ha vore gjennom både klagebehandling og domstolsbehandling. Domstolen er kompetent til sette beløpet i samband med oppreisning, og stiftelsen meiner at det er viktig at domstolen også i saker kor kravet ikkje er tatt med i straffesaka har adgang til å sikre utviklinga av nivået på oppreisninga. Det vil også vere påkjenning for den fornærma og etterlatne at kravet skal bli sendt tilbake til ny behandling hos forvaltninga slik at utbetaling vil ta betydeleg lengre tid.

### **Øvre grense**

Departementet føreslår å heve øvre grensa for erstatning frå 40 G til 60 G med tilbakeverkande kraft frå 1.januar 2011. Departementet grunngjev dette i at ingen overlevande etter Utøya skal oppleve å ikkje få dekkja sine faktiske tap. Stiftelsen stiller seg positive til at summen vert heva slik at det minkar sjansen for at ein ikkje får den erstatninga ein har behov for.

Departementet understrekar at det aldri var meininga at beløpsgrensa skulle få betyding for unge som blir invalidisert og varige utføre etter å ha blitt utsatt for ei grusom terrorhandling. Stiftelsen er glade for at ein ser konsekvensane dette vil ha for unge menneske eller for barn av foreldre som vert drepne. Ein vil likevel minne om at invalidisering og varig uføre vil vere like ille uavhengig av kva straffbar handling ein har blitt utsatt for.

17. mai 2000 blei ein ung gut og ei ung jente angrepet med stein medan dei låg og sov. Guten døde medan jenta fekk varige hjerneskadar grunna skadane ho fekk. Ho blei tilkjent til saman 325 000 kroner i oppreisning, erstatning for inntektstap og utgifter i februar 2001. Ho



fekk 200 000 kr i forskot frå staten, som då var den øvre grensa for voldsoffererstatning. Beløpet blei frå 1.juli 2001 auka til 1 million. For å få dekkja sitt reelle tap ville ho måtte gå til sivilt søksmål mot gjerningspersonen noko som vil utgjere ei ekstra påkjenning for den fornærma.

Det er i dag ei lita gruppe pårørande som framleis ikkje har fått dekkja alle sine faktiske utgifter og som truleg aldri vil få dekkja desse då gjerningspersonen lite truleg vert betalingsdyktig. Stiftelsen ynskjer at ein også ser på moglegheita for at denne gruppa får dekkja sine tilkjente beløp.

Stiftelsen er såleis positive til at summen blir heva, og synes det er positivt at ein vil sikre at alle får dekkja sine faktiske utgifter ved å gi det tilbakeverkande kraft da stiftelsen ser kor urettferdig dette har vore for den fornærma tidligare. I samband med Utøya er det svært mange unge personar som er råka og som har fått store skader, så vi er glade at desse skal få dekkja sine faktiske tap. Stiftelsen vil likevel understreke at departementet no for første gang velgjer å gi endringane tilbakeverkande kraft, og håper at dette viser velviljen for slik tilbakeverkande kraft til gunst for fornærma også ved seinare anledningar.

### ***Persongrense***

Departementet har kome til at det er lovteknisk vanskeleg å utforme ein regel som både er tilstrekkeleg presis og smidig i forhold til pårørande sin rett til voldsoffererstatning. Stiftelsen ville sjølvsagt føretrekke at retten til erstatning vart lovfesta, men fryktar også at ein slik lovregel skal bli utforma for snever.

Departementet ynskjer også høringsinstansane sitt syn på behovet for å utvide personkretsen slik at også dei som hjelpte skada under Utøya og ved Regjeringskvartalet blir sikra erstatning for dei tap dei blei påført. Det går fram av høringsbrevet at mange av dei som bistod fornærma allereie ut frå nemndas praksis i dag vil ha krav på erstatning då departementet meiner vilkåra om tap, årsakssamanheng og påregnelegheit vil vere oppfylt.

Stiftelsen er samd i at dei som hjelpte fornærma og skada under terrorhandlingane og som er påført skader eller tap som følgje av dette skal få erstatning. Om det derimot er behov for ei eiga føresegn om dette er stiftelsen meir usikre på. Slik departementet skildrar situasjonen vil dei som er påført skade under utøving av hjelp til offera uansett vere omfatta av dagens regelverk.

Føresegna er utforma som ein "kan" føresegn, og den skadelidte vil ikkje automatisk ha krav på erstatning. Stiftelsen antar at det vil stillast krav til type skader, årsakssamanheng og påregnelegheit også i denne sambanden i tillegg til at ein vurderer kva form for hjelp som er gitt.

Stiftelsen har ikkje innvendingar om departementet vil utforme ei slik føresegn for å sikre at alle dei som fekk skader medan dei ga livsviktig hjelp under terrorhandlinga får den

erstatninga dei har krav på. Denne føresegna antas å ville få betyding også for andre personar som gir hjelp til offer for kriminalitet.

### ***Fornærma og etterlatne si deltaking i rettsmøte***

Departementet har kome med forslag om at fornærma, etterlatne og deira representantar skal måtte følgje hovudforhandlinga utanfor rettssalen. Dette er grunngjeve med at denne gruppa er betydeleg og at ein ynskjer verdige rammer for rettssaka.

Fornærma og etterlatne sin rett til å vere tilstade under heile rettssaka er noko Stiftelsen kjempa for i mange år, og som vi med glede såg vart innført i 2008. Å opne for at denne gruppa skal kunne nektast adgang til hovudforhandlinga er derfor noko stiftelsen ikkje kan støtte.

Stiftelsen ser likevel at det er praktiske årsaker som gjer at forslaget kjem, da det i terrorsaka er eit stort tal fornærma og etterlatne. Ein stiller seg også skeptisk til formuleringa da det blir oppgitt at talet på fornærma og etterlatte gjer at gjennomføringa av rettsmøtet elles ville medføre uforholdsmessige omkostningar eller vil måtte skje i lokale som elles ikkje er egna. I terrorsaka er det Oslo tingrett som er den aktuelle domstol, og som i dag er av en viss storleik. Om saka derimot hadde skjedd andre stadar i Noreg, ville storleiken på domstolen vere betydeleg mindre. Stiftelsen fryktar at ein i slike saker for lett kan nekte denne gruppa tilgang grunna talet fornærma og etterlatne er for stort for den aktuelle rettssalen.

Stiftelsen må likevel understreke at vi har forståing for at denne saka er spesiell og at talet på fornærma og etterlatne gjer at det ikkje er mogleg å få plass til alle. Stiftelsen reagerer likevel på at det i samband med pressekonferansen om utbygginga av tinghuset vart opplyst om at media vil beslaglegge store delar av rettssalen. Vi har forståing for at mediedekning er ein viktig del for rettstryggleiken i slike rettssaker, men meiner at fornærma og pårørende i så stor grad det er mogleg får anledning til å overvære rettssaka frå rettssalen medan fleire av pressefolka kan følgje rettssaka frå rom med videooverføring.

Stiftelsen meiner såleis på eit generelt grunnlag at fornærma og etterlatne skal få tilbod om å vere tilstade i rettssaka, men at det i forhold til denne saka nok vil vere ein del som ikkje ynskjer å reise til Oslo. Det framgår av høyringsnotatet at denne heimelen berre skal kunne benyttast i fåtal av saker. Stiftelsen meiner at ein i så tilfelle må gjere heimelen klarare i utforminga. Kravet om "egnet" framstår som vagt og vil variere i forhold til storleiken på den aktuelle domstolen.

Stiftelsen ser ikkje sjølv alternative løysingar som sikrar denne gruppa sin rett til å vere tilstade i sjølve rettssalen, og innser at ein forsøker å gjere dette på best mogleg måte ved videooverføring til andre rettssalar.

Departementet ynskjer å gjere avgjersla uangripeleg, og stiftelsen er prinsipielt i mot å snevre inn denne gruppa sine rettar. Adgangen til å nekte denne gruppa tilgang i sjølve rettssalen skal likevel i utgangspunktet vere svært snever og ein ser at det vil medføre mykje



arbeid dersom eit stort tal fornærma eller etterlatne skal anke avgjerda. Ein må leggje til grunn at avgjersla er sakleg grunngjeve då føreseigna berre skal nyttast i omfattande saker og at omsynet til fornærma og etterlatne må vere tilstrekkeleg ivaretatt gjennom deira rett til å uttale seg om spørsmålet.

### ***Lovfesting av heimel for oppnemning av koordinerande bistandsadvokat***

Departementet ynskjer å lovfeste heimel for å oppnemne koordinerande bistandsadvokat i saker av eit visst omfang. I terrorsaka og i Lommemannsaka har ein nytta koordinerande bistandsadvokatar for å gjere prosessen enklare. Departementet ynskjer at denne si rolle skal vere av praktisk og samordnande karakter. Stiftelsen ser behovet for ein slik koordinerande bistandsadvokat og er såleis positive til ein heimel som gir retten moglegheit til å oppnemne slik/slike ved behov.

Oslo tingrett har i høyringsskrivet uttrykka ynskje om at koordinerande bistandsadvokat skal kunne svare på vegne av alle bistandsadvokatane, og dermed på vegne av fornærma og etterlatne. Stiftelsen ser at dette er ei praktisk løysing, men ynskjer at fornærma og etterlatne må samtykke til at denne uttaler seg på vegne av de. I dei fleste tilfeller vil nok dette vere uproblematisk, men stiftelsen ynskjer at fornærma og etterlatne i mest mogleg grad skal bli høyrte også i omfattande saker. I samband med spørsmålsstilling vil koordinerande bistandsadvokat også handle på vegne av gruppa, og også her ynskjer stiftelsen at fornærma og etterlatne på førehand skal samtykke til dette. Stiftelsen ser at det i ei viss grad kan vere ein fordel for den fornærma eller dei etterlatne at den koordinerande bistandsadvokaten stiller spørsmåla da spørsmålet gjerne kan forsvinne i mengda og kaoset dersom over 100 bistandsadvokatar skal kome med sine spørsmål. Ein må likevel bemerke at for somme vil det vere veldig viktig å få stilt spørsmålet sitt til den sikta, og at dette må takast med i vurderinga hos den koordinerande bistandsadvokaten i samband med avgjersla om spørsmålet skal stillast eller ikkje.

Stiftelsen ser ei utfordring i forhold til når informasjonen blir vidareformidla til fornærma og etterlatne. Ved at det er fleire ledd før denne gruppa får informasjon er det større fare for at media vert informert før bistandsadvokatane har hatt tid og anledning til å informere sine klientar om viktige opplysningar knytt til saka. Departementet slår fast at det ikkje skal overlatast til koordinerande bistandsadvokat å varsle og orientere eit stort tal bistandsadvokatar, og korleis dette vert løyst i praksis er stiftelsen spent på. Vi vil understreke viktigheita av at fornærma og etterlatne får viktige opplysningar før det står skrevet i media.

Den koordinerande bistandsadvokatens oppgåver bør vere av praktisk og samordna karakter. Stiftelsen tykkjer ikkje at denne/desse skal ha eigne klientar då dette kan slå uheldig ut i forhold til dei som ikkje har bistandsadvokat som har ei slik rolle. Det vil vere ryddigast om bistandsadvokatane til dei fornærma og etterlatne stiller likt, og at ingen klientar opplev at somme har ein fordel ved å ha koordinerande bistandsadvokat som sin bistandsadvokat.

Stiftelsen er også i tvil om kor god ivaretakinga av klienten er dersom denne bistandsadvokaten i tillegg skal ha betydelege oppgåver av koordinerende art. Om dette har vore problematisk er dei koordinerende bistandsadvokatane og deira klientar nærast til å uttale seg om.

At bistandsadvokatar ikkje mottek salær ved til dømes fengslingsmøte kor koordinerende bistandsadvokat møter stiller stiftelsen seg i utgangspunktet positive til.

Stiftelsen stiller spørsmål med kvifor avgjersla om å oppnemne koordinerende bistandsadvokat skal vere angripeleg. Ein antar at det ikkje vil vere tvilsamt at behovet for koordinerende bistandsadvokatar vil vere tilstade da det berre skal benyttast i saker kor talet på fornærma og etterlatne er betydeleg. Grunnen til å anke avgjersla må i så måte basere seg på at saka ikkje er omfattande nok til at det er behov for å oppnemne koordinerende bistandsadvokat. Elles ser stiftelsen berre økonomiske grunnar for ein bistandsadvokat til å anke avgjersla da denne kan misse timar ved at koordinerende bistandsadvokat stiller opp i somme rettsmøte.

Stiftelsen har også vurdert om fornærma eller etterlatne i somme situasjonar vil angripe avgjersla om oppnemning av koordinerende bistandsadvokat. Dette må i tilfelle vere basert på eit ynskje om at eigen bistandsadvokat skal tale sin klient si sak og at denne sine rettar vil bli betre ivaretatt ved at eigen bistandsadvokat opptrer på klienten sine vegne. Stiftelsen vil likevel tru at oppnemning av ein slik koordinerende bistandsadvokat berre vil vere aktuelt i omfattande saker kor fordelene med ein slik koordinator vil vere å ansjå som større enn ulempene. Stiftelsen er ikkje kjent med negative erfaringar knytt til bruk av koordinerende bistandsadvokatar, verken i gjeldande sak eller i Lommemannsaka.

#### ***Økonomiske og administrative konsekvensar***

I dag er det grunnbeløpet på skadetidspunktet som vert lagt til grunn ved berekninga av den øvre grensa. Justisdepartementet meiner no at det offentlege bør bere risikoen dersom det tek lang tid før det kan treffast endeleg vedtak om voldsoffererstatning og at desse bør få voldsoffererstatning til ei grense berekna ut frå 60 G på vedtakstidspunktet. Stiftelsen er positive til at det er vedtakstidspunktet som vert avgjerande i framtida.

Med vennleg helsing

Ada Sofie Austegard  
*Leiar*  
Stine Sofies Stiftelse

Mari Jensen  
*Jurist*  
Stine Sofies Stiftelse